

Sparebankstiftinga Hardanger

Styret si årsmelding for 2017

Bakgrunn og føremål

Sparebankstiftinga Hardanger vart skipa 1. november 2011 som følge av at Sparebanken Hardanger vart slått saman med Sparebanken Vest.

Stiftinga sitt hovudføremål er :

- Vidareføra sparebank-tradisjonane ved å gje gåver til almennyttige føremål.
- Vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest.
- Syta for ei forsvarleg kapitalforvaltning av dei midlar stiftinga rår over.

Ålmennyttig verksemd

Eit viktig mål med stiftinga er å vidareføra sparebankstradisjonane, blant anna gjennom utdeling av gåver til almennyttige føremål. Tidlegare Sparebanken Hardanger har gjennom åra vore ein viktig lokal støttespelar og bidrege med store gåver til lag og foreiningar. Gjennom gåveverksemda har banken vore med å vitalisera lag og foreiningar og med det også lokalsamfunnet.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å vidareføra og forsterka banken sitt samfunnsengasjement. Ved å vera samfunnsbyggjande og langsiktige tek vi sikte på å verta ein viktig aktør i utviklinga av vårt lokalsamfunn. Sparebankstiftinga Hardanger har så langt levert på dette målet ved at det er betalt ut ca. 10 mill.kr i gåver kvart år sidan stiftinga vart etablert.

Sparebankstiftinga Hardanger har som mål å bruka inntil 50 % av overskotet sitt til almennyttige føremål.

I 2017 vart det delt ut gåver på i alt kr. 10.003.141,00

Gåvene fordeler seg på 91 større og mindre prosjekt til i hovudsak lag og organisasjonar i Hardanger og på Voss.

Sparebankstiftinga har og ført vidare tradisjonen frå Sparebanken Hardanger med utdeling av kulturstipend til ungdom . I 2017 vart delt ut 8 stipend a kr. 30.000,00 til gåverike ungdomar i regionen innan kultur og idrett.

I 2017 vart også delt ut nyetablerarpris på kr. 300.000,00

Det vert elles vist til oversikt over gåvene i note 9 i årsrekneskapen.

Eigarstrategi

- Stiftinga skal vera ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Vest. Grunnkapitalen til stiftinga er 150 mill.kr fordelt på 6 mill. eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest kvart pålydande kr. 25. Stiftinga eig i tillegg pr. 31.12.2017 6.954.394 eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest. Stiftinga eig etter dette 12.954.394 eigarkapitalbevis. Dette utgjer 21,94 % av eigarkapitalbevisa i Sparebanken Vest og gjer stiftinga til den klart største eigaren i banken.
- Stiftinga har forventningar til økonomisk forsvarleg bankdrift og stabilt utbytte.
- Stiftinga ynskjer å utøva styringsrett i Sparebanken Vest gjennom representasjon i styrande organ.

Stiftinga har i dag 3 representantar i generalforsamlinga til Sparebanken Vest. Stiftinga sin styreleiar er og medlem i valnemnda til Sparebanken Vest. Stiftinga er og frå mars 2016 representert i styret i Sparebanken Vest ved stiftinga sin daglege leiar.

Eigarskap i Sparebanken Vest.

Sparebanken Vest leverte i 2016 eit godt resultat der mykje skuldast god bankdrift, men og noko hadde si årsak i ekstraordinære inntektspostar. Resultatet gav grunnlag for utbetaling av utbytte på kr. 4,50 pr. eigarbevis, tilsvarande 62,7 mill.kr i utbytte til stiftinga.

Våren 2017 selde stiftinga 1 mill. eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest til salskurs kr. 51,50. Dette gav stiftinga ein gevinst på 15,3 mill.kr.

Marknadsverdien av stiftinga sine attverande eigarkapitalbevis i Sparebanken Vest pr. 31.12.2017 var 709,2 mill.kr. 6 mill. eigarkapitalbevis er definerte som stiftinga sin grunnkapital og er viste som finansielt anleggsmiddel i rekneskapen. Dei restande 6.954.394 eigarkapitalbevisa er viste som omløpsmiddel i rekneskapen. Både anleggsmidlane og omløpsmidlane er bokførte med kostpris i rekneskapen. Det er i tillegg meirverdiar i stiftinga sine eigenkapitalbevis på 306,1 mill. kr. Det vert vist til note 4 til rekneskapen.

Styret i Sparebanken Vest vedtok hausten 2017 endringar i banken sin utbyttepolitikk gjeldande frå rekneskapsåret 2018. Den nye utbyttepolitikken vil medføra at ein større del av overskotet vert halde attende i banken. Dette er gjort for å hindra at den private kapitalen i banken prosentvis vert mindre i forhold til samfunnskapitalen.

Investerings i obligasjonsfond og egedomsfond.

Stiftinga investerte i slutten av juni 2017 75 mill.kr i rente/obligasjonsfond. Dette kom i tillegg til 40 mill.kr som vart investert i desember 2016. Samla investeringar i rente/obligasjonsfond pr. 31.12.2017 var då 115 mill.kr.

Stiftinga teikna seg i desember 2017 for 25 mill.kr i eit egedomsfond. Pr. 31.12.2017 var 19,3 mill. kr. av denne kapitalen kalla inn. Restbeløpet på 5,7 mill.kr vart først kalla inn i januar 2018.

Samla realisert avkastning på disse investeringane var i 2017 kr 650.807. Ikkje realisert avkastning var kr.1.326 046.

Det vert vist til note 5 til rekneskapen.

Resterande kontante midlar på om lag 37,1 mill. kr. er plasserte på særtilvilkårskonto i bank.

Økonomiske resultat

Stiftinga fekk i 2017 eit årsresultat på 77,5 mill. kroner mot 23,9 mill. kroner i 2016.

Inntektene utanom utbytte på eigarkapitalbevisa i Sparebanken Vest på 62,7 mill. kr. består av renteinntekter på kr. 778.475,00, netto realisert gevinst obligasjonsfond på kr. 650.807,00 og gevinst sal av eigarbevis i Sparebanken Vest med kr. 15,3 mill.kr.

Driftskostnadane for stiftinga utgjorde kr. 2.076.618 som er ein reduksjon på kr. 104.952 i forhold til 2016. Reduksjonen har si hovudårsak i reduksjon i kjøp av framande tenester med kr. 134.863,75. Utanom denne kostnaden er dei andre kostnadane ved drift av stiftinga om lag dei same i 2017 som dei var i 2016.

Styret gjer framlegg om at stiftinga sitt årsresultat på 78,8 mill.kr vert disponert slik:

Avsett til gåvefond 30,0 mill.kr

Avsett til annan eigenkapital 48,8 mill.kr.

Skatteforhold

Skatt vest har i brev av 13.06.2012 lagt til grunn at stiftinga oppfyller vilkåra for å vera skattefri etter reglane i skattel. § 2-32,1.ledd.

I årsrekneskapen for 2017 er lagt til grunn at stiftinga framleis vert fritaken for skatteplikt.

Styrande organ

Stiftinga sitt høgaste organ er generalforsamlinga som består av 16 innskytarvalde medlemmer og 3 medlemmer som er valde av Fylkesutvalet i Hordaland. Det er og valt 10 varamedlemmer blant innskytarane, og 2 varamedlemmer er valde av Fylkesutvalet i Hordland. Dei innskytarvalde vert valde av og blant kundane til Sparebanken Vest busette i ein av kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik eller Voss.

Generalforsamlinga består i dag av 10 kvinner og 9 menn.

Leiar for generalforsamlinga er Olaug Værland med Arvid Fjelde som nestleiar.

Styret består av 2 kvinner og 3 menn med Borghild Storaas Ones som leiar.

Administrasjon og administrative tilhøve

Sparebankstiftinga Hardanger har kontor i Kinsarvik.

Administrasjonen består av dagleg leiar Gunnar Skeie

Etter styret si vurdering er stiftinga si verksemd slik at den i liten grad ureinar det ytre miljø.

Forskings- og utviklingsaktivitetar

Stiftinga har ingen pågåande forskings- og utviklingsaktivitetar.

Framleis drift

Føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn i årsrekneskapen.

Arbeidsmiljø

Selskapet har ingen tilsette utanom dagleg leiar. Arbeidsmiljøet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skadetilfelle i 2017.

Likestilling

Styret praktiserer likestilling i samsvar med lover og reglar.

Framtidsutsikter

Stiftinga sine inntekter er fullt ut basert på finansinntekter. Utviklinga i finansmarknaden vil derfor vera avgjerande for stiftinga sine inntekter.

Veksten i norsk fastlandsøkonomi enda på i underkant av 2 prosent i 2017, ein oppgang frå 0,7 prosent i 2016. Dette ligg tett opp til den årlege veksttaket som Noregs Bank ventar dei næraste åra.

Hovudstyret i Norges Bank har gjennom året halde styringsrenta på 0,5 % prosent. Sentralbanken har ikkje lagt opp til vidare reduksjon i styringsrenta i sin prognose, men signaliserer i sin rentebane auke i renta mot slutten av året.

Det låge rentenivået har resultert låge innskotsrenter på stiftinga sine bankinnskott. Rentenivået på dei rente-/obligasjonsfonda som stiftinga har investert i, er og på eit relativt lågt nivå, men med låg risiko.

Sparebanken Vest har hatt eit svært godt år i 2017. Viktigaste årsak til dette er god bankdrift og låge tap. Banken har pr.31.12.2017 nådd styresmaktene sitt kapitalkrav med god margin. For driftsåret 2017 har styret i Sparebanken Vest tilrådd at utbyttet vert sett til kr.3,75 pr. eigarkapitalbevis med utbetaling i april 2018. For dei eigarkapitalbevisa som stiftinga var eigar av pr.31.12.2017 vil dette gje 48,5 mill.kr. i utbytte i 2018 mot 62,7 mill.kr. i 2017.

Etter det som er kommunisert til markanden frå Sparebanken Vest om den nye utbyttepolitikken, må stiftinga leggja til grunn ein vesentleg reduksjon i kontantutbytte i dei næraste åra i forhold til dei høge utbytta som vart mottekne i 2017 og som er planlagt i 2018. Sidan ein større del av overskotet vert halde attende i banken, må ein kunna leggja til grunn at dette gjev tilsvarande utslag på kursverdien av eigarkapitalbevisa.

Ut frå dette vil truleg kontantinntektene til stiftinga gå ned frå og med 2019, men likevel vera på eit nivå som sikrar stiftinga si gåveverksemd på tilvant nivå.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av stiftinga si eiga og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Kinsarvik, 01.03.2018

Styret i Sparebankstiftinga Hardanger




Borghild Storaas Ones
Styreleiar




Per Berge
Nestleiar



Vidar Riber
Styremedlem



Magunn Hauso
Styremedlem



Jakob Dyrkolbotn
Styremedlem



Gunnar Skeie
Dagleg leiar